

ÅTVARING

Særleg fare for ope vatn og usikker is i område Bitdalsvatn – Bitåi – Totak

I samband med naudsynt vedlikehald av Songa kraftverk har Songavatn og Bitdalsvatn auka mot høgaste tillate reguleringshøgde. Dette i samband med behov for kraftproduksjon i Vinje og Tokke kraftverk nå i vinterveke har gjort det naudsynt å tappe vatn frå Bitdalen til Totak via Bitåi. Planlagd oppstart er 10.01.2024 med varigheit ut februar 2024. Me gjer merksam på at effekten av dette vil vare lengre enn tidfest periode avhengig av værforholda vidare utover vinteren.

Viser til NVE sitt iskart.no der finn du fleire opplysningar om områdene.



Bitdalsvatn

Det vil vera eit større område i tilknytning til Bitdalsdammen som vil ha usikker is i samband med tappinga av vatn. Dette kjem i tillegg til allereie kjende område ved innløpet og overføringstunnelen til Songa.



Bitåi

I samband med tapping av vatn frå Bitdalsdammen vil det vera auka vassføring i elva, i periodar opp mot 30 m³/s. Einaste moglegheit for kryssing vil vere dei tre vegbruene over Bitåi. All ferdesel langs vassdraget vil no kunne ha ein betydeleg auka riskiko. Me tilrår spesielt vaksne å halde oppsyn med born.



Totak

Auka vassføring i Bitåi vil påverke område med usikker is i Totak. Det vil vere eit større område med usikker is i tilknytning til utløpet av Bitåi. Dette kjem i tillegg til allereie kjente område med usikker is i nord-vestre del av vatnet, ved overføringstunnelen til Våmartveit og ved utløpet av Tansåi.



Generell aktsemd

All ferdsel på regulerte vassdrag er inneber risiko. Spesielt i område kring inntak, i kanalar og ved inn- og utløp av overføringstunnellar. Varierende vasstand fører generelt til svak is langs land. Ved låg magasinfalling kan det vere fare for ras av isblokker, og at isen langs land sprekk opp. Desse sprekkane er ofte gøymde av eit snølag, og det må difor utøvast stor aktsemd ved passering inn og ut på isen.

Me ber om at dykk viser respekt for inngjerding og skilting og huks på at forholda kan endre seg raskt så meld gjerne frå om usikre forhold knytt til reguleringa.

Ynskjer du ytterlegare informasjon kan du ta kontakt med Statkraft:
Hallgeir Kleiv – Kraftverkssjef, tlf. 905 78 692 eller
Hallgeir Aarbakk – Produksjonssjef, tlf. 916 38 345.

Statkraft Energi AS, Storvegen 119, 3880 Dalen.

